



Til
Rådmenn i kommunane i Hordaland
Barnevernsleiarar i kommunane i Hordaland

Akuttberedskap barnevern - invitasjon til møte

Invitasjon til møte 29. august 2017 kl. 11.00-13.00

Stad: Møtelokale i Skatt vest, Nonnesetergaten 4 (nabobygget til Statens hus)

Tema for møte: Framlegg til prosjekt om organisering av akuttberedskap for barn i alle kommunar i Hordaland

Den kommunale barneverntenesta har ansvaret for at barn som oppheld seg i Noreg får den hjelpa og det vernet som trengst. Barneverntenesta har dette ansvaret på dagtid, kveldstid og i helgene. Barne-, ungdom- og familiedirektoratet (Bufdir) har gjennomført ei nasjonal kartlegging av akuttberedskapen i norske kommunar (vedlagt). Det er store variasjonar i akutttilbodet, og Bufdir har slått fast at ei ordning der barnevernsleiar eller tilsette i varierende grad kan kontaktast, ikkje er ei forsvarleg organisering av akuttberedskapen.

Fylkesmannen har fått i oppdrag frå Bufdir å bidra til at alle kommunane får eit forsvarleg tilbod til alle barn i fylket om akutt hjelp frå barnevernet heile døgeret i heile veka, med ein formalisert akuttberedskap. Bufdir si kartlegging viser at det er mange av kommunane i Hordaland som ikkje har ei slik ordning.

Med denne bakgrunn inviterte vi alle barnevernleiarane til eit møte hos oss 28. juni. Alle kommunane møtte. Vi informerte om at vi i første omgang ønska å høyre barnevernsleiarane si oppfatning av situasjonen og om det var interesse for at Fylkesmannen gjekk vidare med saka. Velferdsdirektør Erik Stene frå Fylkesmannen i Nord-Trøndelag var invitert får å informere om korleis dei har løyst dette i fylket sitt. I Nord-Trøndelag har alle kommunestyra vedtatt å delta i ei felles barnevernvaktordning. Hovudkontoret er lokalisert i Steinkjer, men med ei lokal vaktordning som sikrar at barnevernet ved behov kan rykke ut med same responstid som politiet. Vi fekk tilslutning frå alle til å invitere rådmenn og barnevernsleiarar saman til eit nytt møte for å diskutere korleis vi i fellesskap kan gå vidare med saka her i Hordaland.

Vi inviterer difor til eit møte 29. august frå kl. 11.00-13.00. Her vil vi presentere ei prosjektorganisering for å utgreie korleis kommunane i Hordaland kan løyse denne oppgåva. Sjølv om nokre kommunar alt har ordningar, går invitasjonen til alle kommunane. Vi ønsker å trekke på kompetanse og erfaring frå kommunar som har barnevernsvakt.

Fylkesmannen sitt bidrag til å etablere akuttilbod i barnevernet i alle kommunar i Hordaland

Fylkesmannen kan finansiere ei prosjektleiarstilling der målsettinga for prosjektet vil vere å komme fram til ei organisering for-, og saman med alle kommunane. Vi kan tildele skjønsmidlar til eit slikt prosjekt. Føresetnaden er at ein av kommunane i fylket søker om skjønsmidlar og tilset ein prosjektleiar på vegne av alle kommunane.

Prosjektleiar må samarbeide tett med kommunane i prosjektperioden. Ved å delta i eit tidsavgrensa prosjekt, forpliktar kommunane seg til å delta i diskusjonar og møte om korleis tilbodet kan organiserast i Hordaland. På den måten vil alle kommunane delta i heile prosessen og utforminga av forslaget. I neste omgang må kommunane ta stilling til om dei vil delta i den/dei ordningane som blir lagt fram.

Vi ser for oss at prosjektperioden kan bli 1.10.17 til 20.03.18.

Formålet med møtet

Vi ønsker å presentere og diskutere nærmare denne prosjektløysinga som eit forarbeid til at alle kommunane kan tilby akutttenester til barn i fylket. Vi vonar å få tilslutning til dette i møtet. Vi ber difor om at rådmennene prioriterer møtet. Dersom det ikkje er mogleg, ber vi om at kommunen møter med ein person som har mynde til ta avgjerd om å gi tilslutning til prosjektet, på vegne av kommunen.

Vi ber om påmelding til møtet innan 23. august til: fmhoobj@fylkesmannen.no

Dersom det er spørsmål i forkant av møtet, kontakt fylkeslege Helga Arianson tlf 5557 2217 / 970 33 108 eller seksjonsleiar Øystein Breirem Jacobsen 5557 22 / 926 62 111

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Helga Arianson
fylkeslege

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1. Brev frå BUFdir
2. Akuttberedskap i Hordaland – svar frå kommunane